Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18 | Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Modum

Emne: Juletre og julehalm | Bygdelag:

Oppskr. av: Jakob Andr. Samuelsen | Gard:

(adresse): Sysle | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle for tida etter 1912.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Vegoppsynsmann Kirsten Gjellum f. 1872 og husmor Inga Ødegard f. 1882 er heimelsmenn for det som er frå tidlegare tid.

SVAR

1. No er juletre i bruk over heile bygda, både i små og store heimar og elles på julefestar på skular, bedehus og a. st.

2. I so stor ei bygd vil det vel knapt finnas påliteleg fråsegner om kva tid ein ny skikk kom i bruk. Mine heimelsmenner som er frå kvar sin kant av bygda minnes det slik: I. Ø. kan minnas at det var juletre på Bøen skule, hjå Bergmeister Otterbeck ved Blåfargeverket og i hennas eigen heim (gruvearbeidarheim) i midten av 1880 åra; medan K.G. som er vaksen upp på ein stor gard, langt frå kyrkje og bergverk o. l. ikkje veit av at det var vanleg med juletre på gardane ikring 1894.

3. Kor dei tok til fyrst med juletre på skular eller i einskildte heimar veit vel ingen. Det var vanleg innflyttarar som hadde skikken med seg, stundom til eigen heim og andre tider til skular og lag der dei hadde noko å segja.

4 Har ikkje høyrt om pynting i stuga til jul før dei tok til med juletre; men den rare halmkrona, uroa, er kjend her. Den siste såg je hér ikr. 1935

5. Like til det siste har somme forutan juletreet pynta med grankvister, papirbjeller og annan papirstas i jula.

4140

6. Juletrea var nok av ymse storleik. På skuler og liknande stader, og på storgardar var trea store, medan dei i små heimar med lita råd laut ta mindre i.

7. a. Til pynt var farga papir klypt som korger, leiker og l. svart vanleg. Somme hengde upp appelsiner på treet eller fyllte noko rart i korgene. Seinare vart det alslag glaskuler, stjerner og englehår (von leg ukkte vare) o. m. a. b.) Lys er det vanleg å ha.

8. Både vaksne og born er med og pynter.

9. Små tre vert sett uppå eit bord eller andre stader dei større står på golvet.

10. Lysa vert tend julaftan. Somme lar dei ikkje brenne heilt ned, andre set i nye og tenner dei ved andre høve i jula t. d. når det kjem framande born.

11. Frå fyrsten kunne nok stilfarande folk ha imot at ungane gikk rundt juletreet og ville at dei skulle sitta pent rundt treet og synge. No går dei rundt treet med dei synger. Somme leiker vert og brukt t. d.: „Nå går vi rundt om en enebærbusk": o. a. Det ein er sikkraste på å få høyre på dei fyrste norske juletrefester er vår gamle tysk-danske sang og salmeskatt t. d. „Her kommer dine arme små" og liknande kvede. I seinare tid har enkelte våga seg til å lære borna norske salmer av Blix, Hovden o. a. utan at ein enno kan segja at dei har fått noka fast stode.

12. Detta er etter som. Enkelte lar det fine juletreet stå i vekesvis, som atover til påske. Kvar fylgjer sin hug i so måte.

13. Borna får koste treet. Ingen viss dag for det.

14. Dei nyttar gran herover.

15. Fell burt. Her er nogda av gran.

16. Det råkte dei sette ei lita buske med julebånd i utanfor huset. Skikken med julehalm er ukjend her.

4140

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING